



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Kristin Cotta Schønberg, 5557 2224

Vår dato  
23.02.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/9652 733.1  
Dykkar referanse

Lindås kommune ved rådmann  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Oppfølging etter tilsyn med Lindås kommune, Nordhordland legevakt

Takk for tilsende opplysningar om kva kommunen gjer for å rette avvik som vart påpeika ved tilsynet

De har i hovudsak planlagd med dato for iverksetting av tiltak 01.05.2018. Dei av tiltaka de allereie har på plass kan med fordel settast i verk no.

Dette gjeld blant anna tiltak knytt til AMIS notat frå legevaktcentralen, som de no vil overføre automatisk til Infodoc journal, for å sikre at vaktlegen enkelt har tilgang til alle registrerte pasientopplysningars. Etter vår vurdering er det viktig at dette blir ordna snarast råd.

Vi tek til orientering at de legg opp til utsjekk på opplæring av nytilsette og årleg utsjekk med sikte på vedlikehald av kompetanse. Vi legg til grunn at de har vurdert at planane er dekkjande for oppgåvene ved legevakt.

Vi meiner 1.10.18 er for langt fram før de set i verk samtrening og tilrår at de framskundar dette arbeidet. Vi ber om å få tilsendt planen så snart denne ligg føre.

De opplyser at Lindås kommune har eit heilskapleg styringssystem som vil bli implementert ved Nordhordland legevakt innan 01.05.2018. Vi ønskjer utfyllande opplysningar om kva som inngår i dette og ber om å få tilsendt utfyllande informasjon innan 10.05.2018.

### Evaluering

Vi ber om informasjon om tiltaka som de set i verk fungerer og om dei viser seg å vere tilstrekkelege for å førebygge svikt, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten.

Vi ber om å få tilsendt første evaluering av tiltaka innan 01.11.2018.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Kristin Cotta Schønberg  
assisterande fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*